

A scenic landscape photograph showing rolling green hills and valleys under a bright blue sky with scattered white clouds. In the foreground, there are dark green trees and a curved structure, possibly a greenhouse or tunnel. A large red graphic element is overlaid on the bottom right corner of the image.

Valprogram Raudt i Nord-Fron

Eit godt arbeidsliv

Raudt i Nord-Fron vil:

Ha heiltidskultur i kommunen, og aktivt jobbe for færre deltidsstillingar og fleire heiltidsstillingar.

Gjennomføre ein tillitsreform, og jobbe for at Nord-Fron kommune skal vere ein imøtekommande og samarbeidsvillig arbeidsgjevar.

Leggje til rette for at kommunen sine tilsette kan få permisjon med lønn for helseundersøkingar.

Ha prøveordning på sekstimars arbeidsdag med full lønnskompensasjon for kommunen sine tilsette.

Vere eit talerøyr for fagforeiningane inn i kommunestyret.

Satse på lærlingar, følgje målet om å ha minst 2 lærlingar per 1000 innbyggjarar, og gjerne meir enn det.

Krevje at bedrifter leid inn av kommunen har tariffavtale, gode pensjonsordningar og læringsordning.

Jobbe mot arbeidskriminalitet og sosial dumping. Blant anna adoptere delar av «Oslo-modellen» som gir kommunen betre evne til å avdekke og kjempe mot arbeidslivskriminalitet.

Unngå bruk av vikarbyrå som ikkje er heilt nødvendig, og jobbe for å minske dagens bruk betrakteleg.

Innføre lønnstak på politikarar og kommunale toppleiarar.

Helse og omsorg

Raudt i Nord-Fron vil:

Ha eit enda sterkere rus - og psykiatritilbod i kommunen.

Styrke demensteamet i kommunen.

Ha nulltoleranse for anbudsutsetting, privatisering

og konkurranseutsetting i helsesektoren.

Ha fleire bustader med heildøgns omsorg i kommunen.

Organisere heimhjelpstenesta slik at brukarane i større grad kjenner, og derfor er tryggare på dei tilsette.

Jobbe i retninga av at alle tilsette som ønsker det skal få tilbod om heiltidsstillingar.

Forebygge sjølv mord.

Jobbe for fleire fastlegar.

Jobbe for at helsetilbodet ikkje sentraliserast ytterlegare.

Kampen mot forskjells-Noreg

Raudt i Nord-Fron vil:

Arbeide for at mottakarar av sosialhjelp ikkje får barnetrygda rekna som ein del av inntekta. Dette gjeld også om nasjonale

myndigheiter går tilbake på ordninga etter stortingsvalet i 2025.

Auke sosialhjelpssatsane, og verne aukinga så den ikkje går ut over andre ytingar.

Greie ut moglegheitene for fritak for eigedomsskatt for dei med lågast inntekt.

Støtt opp om frivilligheita som jobbar med fattigdom.

Utvid BUA (kommunalt utlånstilbod) til å tilby eit breiare utval, som hagebruk, verktøy til reparasjon og vedlikehald, osv.

Jobbe for fleire kommunale bustadar og ein reell bustadmarknad på sida av det kommersielle.

Kultur og idrett

Raudt i Nord-Fron vil:

Gi born og unge moglegheit til å delta på fritidsaktivitetar uavhengig av økonomien til familien gjennom

klippekortordningar, fri halleige og andre tiltak for å redusere eller dekke kontingent

Styrke kulturskulen

Ta vare på turområde og etablere nye berekraftige turstiar, bla. jobbe for å ferdigstille Gyntestien.

Ha kultur som viktig fokus i utviklinga av Kvam, Skåbu og Vinstra.

Ta vare på og jobbe for å skape ein felles plattform for kulturelle og flerkulturelle uttrykk. Setje Vinstra på kartet kulturelt

Skule, barnehage og oppvekst

Raudt i Nord-Fron vil:

Behalde dagens barnehagestruktur.

Behalde dagens barneskuler på Kvam og Skåbu.

Arbeide for gratis skulemat.

Arbeide i retning av gratis SFO og barnehage.

Ha prøveordning med leksefri grunnskule.

Ha nullvisjon for mobbing og aktivt jobbe for å forebygge og bekjempe mobbing og utanforskap.

Arbeide for at elevar med særskilde behov for oppfølging, skal ha ein automatisk rett til å få det på kort varsel, utan store og kompliserte utredningar.

Rekruttere og halde på fleire lærarar i skulane våre.

Sikre faglærarar og godt utstyr i alle praktiske fag.

Landbruk

Raudt i Nord-Fron vil:

Arbeide for eit berekraftig landbruk som tek i bruk lokale ressursar, med mål om å auke produksjonen og sjølvforsyningsgrada i det norske landbruket.

Styrke jordvernet og ha nullvisjon for nedbygging av matjord.

Ha ein politikk kor bøndene ikkje skal lide økonomiske tap som følgje av at levedyktige norske rovdyrstammer blir oppretthalde.

Miljø, naturvern og klima

Raudt i Nord-Fron vil:

Ta vare på kulturlandskapet og naturmangfaldet i kommunen.

Unngå nedbygging av myr.

Gjere ein grundig «planvask» av kommunens arealplanar, for å blant anna regulere område som er sett av til hyttebygging tilbake til urørt natur.

Fokusere meir på berekraftig turisme.

Ytterlegare vedlikehald av kommunens grøntområde.

Legge til rette for grønne lunger i sentrumsutviklinga.

Lat vere å bygge ut kraftverk i Kåja, og heller fokusere på å oppgradere eksisterande kraftverk og betre straumstyring nasjonalt.

Arbeide for å utvide nasjonalparkgrensene og ta vare på villreinbestanden i kommunen.

Samferdsel

Raudt i Nord-Fron vil:

Legge til rette for gang - og sykkelveggar i kommunen, og realisere gang- og sykkelveg Vinstra-Harpefoss.

Jobbe for å fjerne/reducere bompengesatsane i regionen.

Gjennomføre vedlikehald på vegnettet.

Jobbe for dobbeltspor på jernbanen og økt kapasitet på hele Dovrebanen, både for gods og folk

Ei kommune for alle

Raudt i Nord-Fron vil:

Ha en skeiv handlingsplan for kommunen.

Ta imot og busette fleire flyktningar.

Alle kommunale bygg skal vere universelt utforma.





Ådne Fagervold

Kandidat

1.



Gry Sveen

Kandidat

3.



Ruth Møllerplass Huse

Kandidat

6.

NR.	NAMN	FØDSELSÅR
1	Ådne Fagervold	2003
2	Jan Lundhøj	1959
3	Gry Sveen	1952
4	Anne Mæhle	1953
5	Ole Magnus Letrud	2003
6	Ruth Møllerplass Huse	2004
7	Vivien Lundhøj	1955

Husk å stemme ved fylkestingsvalet

Færre innbyggjarar gir stemma si i fylkestingsvala men det er viktige saker som fylkeskommunen som har ansvaret for. Vil du ha ein framtidretta vidaregåande skule, mykje betre kollektivtrafikk i fylket, og betre tannhelsepolitikk, så må du også stemme Rødt ved fylkestingsvalet i hausten.

Fordi felleskap fungerer

